

# *Norsk* Ordbok 2014

**ÅRSRAPPORT 2008**

**Oslo 2009**

# Innhald

<b>Innleiing.....</b>	<b>3</b>
A. Rammevilkår .....	6
B. Manusarbeid .....	7
C. Utvikling av verktøy .....	8
D. Utviding og forbetring av tilfang.....	10
E. Formidling, informasjon og kompetanseheving .....	11
<b>Vedlegg 2. Publisering og omtale.....</b>	<b>15</b>
<b>Vedlegg 3. Presseoppslag og annan fagleg aktivitet .....</b>	<b>23</b>

## Innleiing

Norsk Ordbok 2014 legg med dette fram årsrapport for 2008. Dette året har vore spesielt, i og med at prosjektdirektør Kristin Bakken sa opp stillinga si og gjekk over i ny jobb frå 5. mai. Prosjektet stod utan direktør i perioden fram til 1. oktober, då Åse Wetås blei tilsett i denne stillinga. I mellomtida fungerte hovudredaktørane Dagfinn Worren og Oddrun Grønvik som mellombels prosjektleiing, med 50 % av stillingane sine knytte opp i administrative oppgåver. Prosjektets hovudføremål er produksjon av *Norsk Ordbok*, og me lanserte band 7 (alfabetbolken *l-mugetuft*) under Dei nynorske festspela i Ørsta 26. juni. Manuskriptet til dette bandet blei ferdig og sendt til prenting 1. mai 2008. Frå og med då av har redaksjonen arbeidd med band 8. Bandet skal sendast til prenting 1. september 2009, og ved årsslutt er det nyredigert 450,34 sider.

Av dei underordna målsetjingane som var sette opp i årsplanen for 2008, har me gjennomført svært mange, medan nokre få har blitt liggjande, for skuld den lange interimperioden utan prosjektdirektør. I 2008, som året før, har me hatt eit bra formidlingsår med mykje positiv respons i fleire fora.

### Manusproduksjon

Redaksjonen har nyredigert til saman 576,09 sider dette året. (Årsplanen for 2008 la opp til 550 sider.) Til saman hadde me 450,34 nye sider manuskript til bd. 8 ved utgangen av 2008. 183,62 av desse sidene har blitt flytta gjennom alle stega i kvalitetssikringsprosessen. Det er sett i verk fleire tiltak for å få flytta manuskriptbolkane raskare i kvalitetsskjeda, og dette ser ut til å ha relativt god effekt. Dei redaksjonelle rutinane fungerer bra, og me håper med dette at me kan få ein jamnare manuskriptstrøm til hovudredaktør og sitatkontroll, slik at arbeidsbyrden i sluttredigeringsfasen for kvart band blir mindre framover. Me har også intensivert kontrollen med at manuskripta ikkje overskrid dimensjoneringa, slik at me ikkje skal produsera fleire sider enn dimensjoneringa tilseier, og dermed risikera å tapa alfabetprogresjon.

### Folk og opplæring

I 2008 har me hatt seks assistentar i opplæring. Tre av desse har i løpet av året fått opprykk til redaktør. Ein redaktør har vore ute i 100% permisjon sidan byrjinga av mars. Han har sagt opp stillinga si hos oss, og kjem ikkje attende. Ein redaktør kom attende frå eitt års full permisjon i september. I tillegg til svangerskapspermisjonar har redaksjonen også i år vore råka av alvorlege og langvarige sjukdomstilfelle, slik at ikkje alle redaktørane har fungert i full stilling. Ved utgangen av 2008 er 27 personar knytte til redaksjonen i redaktørfunksjon. Ein redaktør er i svangerskapspermisjon, ein er i delvis sjukmelding ved årsskiftet og ein har 30% mellombels uførepensjon. Administrasjonen tel tre personar fordelt på 3 årsverk, og me har ein redaksjonssekretær. I 2008 har dessutan to personar vore knytte til prosjektet som vitskaplege assistentar. Sjå vedlegg 1 for eit meir fullstendig oversyn over tilsette og effektive årsverk.

## **Utvikling av verktøy og utviding av materialet**

Personalstoda på EDD har heller ikkje i år vore stabil, og ein av dei tilsette er p.t. i svangerskapspermisjon. På planen for 2008 stod nyskriving av setelapplikasjonen i java. Dette arbeidet er i sluttfasen, men testinga blir ikkje gjort før i januar 2009. Arbeidet med transkribering av talemålsmaterialet frå Tekstlaboratoriet har gått seinare enn planlagt, og ein komplikasjon med produktet dei leverer, er at transkriberinga deira skjer til bokmål.

I mai fekk me på plass stikkprøvesøk i korpuset, og dette er lenka opp mot redigeringsapplikasjonen. Materialet vårt er også i år monaleg utvida. Korpuset er auka med over 3 mill. ord, slik at status nå er eit korpus på meir enn 37 mill. ord. Det er tagga store mengder sakprosa tekst, og i tillegg fleire skjønnlitterære verk. Redaksjonen har vidare lagt inn 14.000 nye setlar i setelarkivet, og me har fått kopla opp mange nye ordsamlingar i metaordboka. Her er også grunnmanuskriptet og elektronisk utgåve av Torps *Etymologisk ordbok* lagt inn i løpet av året.

I år har ILN dessutan løyvd småforsk-midlar til arbeid med digitalisering av målføresynopsisen og til digitalisering av målførekart. Dette arbeidet er det av stor verdi for oss at blir gjort.

## **Økonomi**

Løyvinga frå Kyrkje- og kulturdepartementet for 2008 var på 13,6 mill. kroner, og desse midlane er brukte til å løna dei tilsette på prosjektet. For same perioden fekk me ei driftsløyving frå Universitetet i Oslo på 2 mill. kroner. NO 2014 kan konstatere at me i 2008 har greidd å halda den ambisiøse utjevingsplanen vår fordi me har hatt økonomiske rammevilkår som har gjort dette mogleg. Dårlegare økonomiske vilkår i framtida gjer det usikkert om me kan oppfylle denne planen vidare framover (jf pkt. A1f) i rapporten).

## **Administrasjonen**

Kristin Bakken gjekk ut av stillinga som direktør 4. mai 2008, og Åse Wetås kom inn i stillinga 1.oktober. Administrasjonen har elles bestått av førstekonsulent Andreas Tandberg og førstekonsulent Rebecca Boxler Ødegaard. Den siste kom attende frå svangerskapspermisjon 7. august, men har hatt 50 % permisjon i oktober og november. Guro Langedok Bjørnstad vikarierte i 50 % for Rebecca Boxler Ødegaard i perioden 1.1.–30.9. 2008.

## **Styret**

I 2008 har desse vore medlemmer av styret for Norsk Ordbok 2014: Styreleiar Magnus Rindal, varaleiar Randi Alice Nilsen, Audun Heskestad, Yngve Sjøgreen Foss (frå 12.11.08 Inger-Johanne Ullern), Marie Korsvoll, Øyvind Eide og Knut E. Karlsen. Styret har hatt fire ordinære møte og handsama 35 saker.

## **Formidling**

Ordboksredaksjonen har vore representert på 3 fagkonferansar med føredrag i året som gjekk. Det har ikkje vore nokon stor leksikografikonferanse i år, og heller ikkje MONS (Møte om norsk språk), så konferansedeltakinga er spreidd på fleire arrangement enn i fjor. Også i år hadde me deltaking med eiga bu på Forskingstorget i Oslo (19.–20. september). Deltakinga resulterte i mykje merksemd kring prosjektet vårt og me fekk mange fine medieoppslag. Også lanseringa av band 7 i juni gav ein god del mediedekning. Sjå elles vedlegg 2 og 3.

## **Takk**

Me vil takka Stortinget, Kultur- og kyrkjedepartementet, Universitetet i Oslo og Institutt for lingvistiske og nordiske studium som har gitt Norsk Ordbok 2014 gode og føreseielege arbeidsvilkår også i 2008.

Åse Wetås  
Oslo, 26.01.09

## A. Rammevilkår

### 1. Organisering og finansiering

Mål 2008	
a) Lysa ut og tilsetja ny prosjektdirektør våren 2008.	Gjennomført med tilsetjing frå 1.10.08
b) Laga eit årshjul der dei faste oppgåvene til administrasjonen blir skrivne inn.	Gjennomført av KB.
c) Gjera ein kritisk gjennomgang av lønsnivået internt i redaksjonen med tanke på å jamna ut ubalanse i det lokale lønsoppgeret. Redaksjonen bør vera representert ved plasstillitsmann for å komma fram til kva for kriterium som skal få telja som pluss i vurdering av lønsnivå. Arbeidet bør føregå i april og munna ut i krav frå arbeidsgjevar i dei lokale forhandlingane.	Det er sendt 2.3.3-framlegg til INL, som er forhandlingspart. Allmøte om kriterium 15.4.08 + lønsnotat. Krava ligg godt innanfor ramma av det som er sett av på 2008-budsjettet. 19. november kom resultatet av 2.3.3-forhandlingane, og seks av våre medarbeidarar fekk tillegg.
d) Me vil framleis vera med på å arbeida for at samlingsverksemda blir konsolidert innanfor rammene av instituttet, men samstundes syta for at prosjektet beheld sitt eige budsjett og administrative handlingsrom.	(jf styresak 14d/08). KB tok initiativ til møte om samlingane på Voksenåsen konferansesenter januar 2008. Her var samlingane og instituttet representerte. Munna ut i eit strategidokument frå samlingane. Det blei vurdert å oppretta ei leiarstilling for samlingane, men dette har ILN og HF førebels gått vekk frå.
e) Me vil søkja midlar av statsbudsjettet til fristen 14. mars.	Gjennomført v/ KB. Nye skjema frå ABM-utvikling (søknad og statistikk). Søknadssum 13,6 mill. Budsjettframlegget 7.10. gav oss den summen med 4,41% påslag, dvs. 14,2 mill. kroner.
f) Me vil be om ein auke i driftsmidlane frå UiO ved å visa til auken i midlane frå KKD.	UiO har redusert driftsløyvinga til 1.500.000 for dei kommande åra, i staden for å auka løyvinga til 2.300.000, slik me søkte om (og som også HF bad om at me skulle få).
g) Manuskontroll skal framleis skje ved gruppeleiarane, ved kryssjekkgruppa, ved sitatkontrollen og ved hovudredaktør	Stadfest seinast på juleseminaret 10. og 11. desember.

### 2. Lokalisering

Mål 2008	
a) Me må skaffa to nye redaktørarbeidsplassar i GA25 i 2008 i løpet av februar.	Status: Gjennomført
b) Me bør halda tett kontakt med HF for å følgja prosessen med rehabilitering av Preklinisk odontologi-bygningen.	Ingen kontakt i vår, men dei siste brukarane frå PO kjem inn i GA 25 i haust. ILN melder at det kan bli aktuelt med flytting av instituttet før 2014, evt. ønskjer ILN å ta over

	heile HW for å få samlokalisert instituttet der.
--	--

### 3. Personale

Mål 2008	
a) Me vil gjera ferdig opplæringa av dei tre redaktørane som kom inn i redaksjonen hausten 2007.	Opplæringa ferdig. Alle tre (SBO og LS frå 1.8. og I.I.I. frå 1.9.) har fått tilsetjing som redaktørar. (jf styresak 14b/08).
b) Me vil gje opplæring til dei to redaktørvikarane som kom inn i redaksjonen 1. januar 2008.	Opplæring gjennom året. Tre redaksjonsassistentar (KAS, IL, BTT jf årsplan pkt. 3c) er kursa i 13 dobbelttimar v/OG i vår.
c) Om budsjettsituasjonen tillet det, vil me tilsetja endå éin redaktørvikar tidleg på vinteren 2008 som skal ha opplæring.	Engasjement B.T.T. (50 %i februar 2008, 100% frå 1.3. til 31.12.)
d) Om budsjettet tillèt det, vil me engasjera sommarhjelp for tagging av tekst.	I staden for sommarhjelp har me forlenga engasjementet til JV i 30% ut året (tagging)
e) Me bør ta mål av oss til å få minimum produktive 25 redaktørårsverk ut av løyvinga vår. (Jf. at me har 28 redaktørar knytte til oss pr. 1.1.2008, men to er i permisjon delar av året, og to er i svangerskapspermisjon delar av året.)	Me har samla fått 24,8 produktive redaktørårsverk ut av løyvinga (jf vedlegg 1)

## B. Manusarbeid

### 4. Band 7 og 8

Mål 2008	
a) Me tek sikte på å ferdigstill band 7 til 1. mai 2008. Det vil seia 106,75 sider med nyredigering, 455,11 sider med kvalitetskontroll og 800 sider med korrektur.	Band 7 ferdigstilt innan fristen. Totalt sidetal: 819 s. Dette er 19 ekstra sider i høve til planen. Sidene kunne vore flytta til bd. 8, men då hadde me tapt alfabetprogresjon.
b) Utarbeida innleiingstekst og bibliografitillegg til band 7 til 1. april.	Gjennomført i rett tid.
c) Utarbeida korrekturinstruks før 15. mars.	Gjennomført i rett tid.
d) La fire redaktørar gjera ferdigkontroll av samla manuskript den siste veka av april.	Gjennomført i rett tid.
e) Me bør redigera 456 sider av band 8 i 2008. Det gjev eit månadsgjennomsnitt på 57 sider i perioden 1.5-3.12. Men 50 av desse sidene bør redigerast parallelt med ferdigstillinga av band 7 i perioden 1.3-1.5. Dermed bør sidegjennomsnittet vera på 50 sider pr. månad resten av året. Med 25 redaktørar i fullt arbeid blir det 18 sider. pr redaktør i perioden 1.5-31.12, eller 2,2 sider pr månad.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- (Produksjon mars: 15,23 s)</li> <li>- (Produksjon april: 31,40 s)</li> <li>- produksjon mai: 60,48 s</li> <li>- produksjon juni: 43,23 s</li> <li>- produksjon juli: 34,27 s</li> <li>- produksjon august: 44,19 s</li> <li>- produksjon september: 53,81 s</li> <li>- produksjon oktober: 64,45 s</li> <li>- produksjon november: 58,55 s</li> <li>- produksjon desember: 44,73 s</li> </ul> Sum, bd. 8: 450,34 s.

	Sidegjennomsnitt mai – des.: 50,46 s/mnd.
f) Kvalitetskontrollen bør i størst mogleg grad skje fortløpande.	Band 8 er delt inn i mindre bolkar enn band 7. Redaktørane har instruks om å skyssa manuskripta sine vidare i kvalitetskontrollen straks dei får manusa attende. Ved årsslutt ser manuskripta ut til å flytta seg raskare utover i kontrollkjeda.
g) I februar bør me revidera kryssjekkinstruksen i samband med at det kjem inn ein ny redaktør i kryssjekkgruppa.	Gjennomført.

## 5. Band 1 til 5

<b>Mål 2008</b>	
a) I mai 2008 skal EDD og NO2014 ha eit arbeidsmøte der me går gjennom status for band 1-5 i databasen, og drøftar ulike kortsiktige og langsiktige måtar me kan gå vidare med dette arbeidet på. Det bør utarbeidast notat i forkant som oppsummerer dei ulike erfaringane med arbeidet så langt, inklusive tidsestimat og kvalitetsvurderingar.	Status: Utsett inntil vidare.
b) Me bør komma fram til ein ny arbeidsplan og eventuell finansieringsplan for arbeidet med band 1-5. Arbeidet blir sett i gang i mai.	Status: som i pkt. 5a) ovanfor.

## C. Utvikling av verktøy

### 6. Redigeringsapplikasjonen

<b>Mål 2008</b>	
a) Heile applikasjonen skal nyskrivast i java. Dette vil bli gjort modul for modul, slik at setelarkivet blir startpunktet (jf. punkt 8a), og dinest kjem turen til sorteraren. Dermed vil det ikkje bli gjort overflatiske funksjonalitetsforbetringar i sjølve redigeringsprogrammet i 2008. Men slike forbetringpunkt skal registrerast fortløpande med tanke på nyskrivinga av denne modulen i 2009.	Arbeidet med setelapplikasjonen er komme langt. Hovudstrukturen i den nye setelapplikasjonen er på plass, men applikasjonen er ikkje ferdig testa ved utgangen av 2008.
b) Førebu arbeidet med å integrera transkribert talemålsmateriale frå Tekstlaboratoriet i applikasjonen. Heile året.	Tekstlaboratoriet presenterte prøver av materialet på NO2014s sommarseminar. Nær-fonetisk transkripsjon med vanleg alfabet. Konvertert til BM. Tekstlaboratoriet overførte to mnd.-verk frå 2007, og har ved utgangen av 2008 transkribert tilsvarande 4 mnd.-verk. 64 filer er ferdige ved utgangen av året.
c) Få på plass utskriftsfunksjonen i applikasjonen att, dvs. koda om dette eine	Gjennomført.



punktet i redigeringsapplikasjonen. Gjeld også pdf-versjonen av rapportane. Til 15. februar.	
d) Lenkja randomisert korpus til redigeringsapplikasjonen. Til 1. april.	Status: Gjennomført.

## 7. Elektronisk utgåve av ordboka

<b>Mål 2008</b>	
a) Å greia ut prinsippa for ei avtale om rettane til den elektroniske utgåva av ordboka med forlaget i februar og mars.	Status: I møte mellom Samlaget og NO2014 24.4.08 blei det semje om at ordboka kan leggjast ut på nettet i digital versjon utan at eigarskapen er avklara. Saka ligg i påvente av at UiO får tilsett ny jurist som kan vurdere opphavsrettsproblematikken.

## 8. Setelarkivet (SA)

<b>Mål 2008</b>	
a) Å revidera sjølve arkitekturen til setelarkivet, dvs. programmera ei ny ”utgåve” av databasen i java innan utgangen av 2008. I samband med nyskrivinga vil me:	Status: Jf. pkt. C6a)
b) Oppnemna ei responsgruppe ved NO i januar.	Det er sett ned ei setelarkivgruppe som har levert spesifikasjonar og synspunkt til EDD: - enklare innskrivingsformat (eitt skjema) - meir autoutfylling - fleire moglege komponentar (kart, bilete) - betre systematikk på registrering i høve til digitale kjelder
c) Kartleggja korleis SA grip inn i dei andre delane av NO-basane, t.d. kjeldesystemet.	Status: gjennomført
d) Gjera funksjonalitetsforbetringar i høve til det gamle SA.	Status: sjå pkt. C6a
e) Leggja til nye element i databasen som gjer det mogleg å leggja inn bilete, kart og lyd.	Status: I prosess (hos EDD)

## 9. Målføresynopsisen

<b>Mål 2008</b>	
a) Å få lasta inn dei to siste protokollane av Målføresynopsisen i det nye digitale framsyningsformatet til 15. februar.	Status: Gjennomført
b) Å vidareutvikla den digitale synopsisen med tanke på å få gjort søk på ord og lokalitet. Til 1. oktober.	Status: Småforskmidlar frå ILN er nytta til å gjera delar av dette arbeidet. Til saman tre månadsverk (fordelte på tre assistentar). Ved årsslutt er tre protokollar ferdige, og tre er delvis ferdige.

## 10. Redigeringshandboka

<b>Mål 2008</b>	
-----------------	--

a) Revidera underoppslagskapitlet i mai. Sommarseminaret i juni bør brukast til å få formidla det nyskrivne kapitlet.	Bruken av UO frå band 1 og 2, frå band 5 frå i og band 6 og 7 presentert på juniseinaret. Dette ligg ikkje føre som RH-manuskript ved utgangen av året.
b) Kontinuerleg utbygging og innarbeiding av vedtak gjennom heile året.	Målførekapitlet i RH er ferdig revidert. Redaksjonelle vedtak blir fortløpande førte inn i RH.

## D. Utviding og forbedring av tilfang

### 11. Nynorsk tekstkorpus

Mål 2008	
a) Bli ferdig med å tagga Arne Berg <i>Norske tømmerhus frå mellomalderen</i> bd. 1 og 6, seks titlar av Duun og éin tittel av Vesaas før 1. juni.	Status: Gjennomført.
b) Få på plass fleire avtaler om levering av elektronisk tekst til korpus, kandidatane er Berge Furre, Ottar Grepstad, Jostein Fet, Gunnar Skirbekk, Kjell Venås og Helge Sandøy	Status: Det er oppretta avtaler med Per Hallaråker, Åse Wetås, Johan Myking (generelle avtaler), og med arvingane etter Arnold Nordal.
c) Engasjera sommarhjelp for å tagga meir sakprosa for innlegging i korpuset, t.d. <i>Norsk Allkunnebok</i> bd. 7, fleire band av Arne Berg, Fedraheimen og verka til forfattarar under punkt b ovanfor.	Status: JV arbeidde med desse oppgåvene ut året. Det som er tagga, er Holsv.BB, RongenSS, Myhr.Tre, Niels.HP og Niels.I.O. Ingjerd har tagga ferdig Ves.HF. Tekstar som er tagga og lagde inn av andre: A.HagenHN, B.JonssonBI, HoffEM, Ves.21år, Ves.AT, Ves.Brannen, Ves.EVD, Ves.GB, Ves.LEL. I tillegg til dette er Dag og Tid 2006 på plass før årsskiftet (jf pkt. A3d)
d) Digitalisera ferdig band 7-10 av <i>Norsk allkunnebok</i> .	Status: <i>Norsk Allkunnebok</i> blir digitalisert i Masi for sysselsetjingsmidlar. Me har fått halve bd. 7 og halve bd. 8 ved årsslutt.

### 12. Metaordboka

Mål 2008	
a) Normera MO til og med <i>e</i> i 2008.	Noko arbeid står att på <i>e</i> . Arbeidet med normering på <i>m-r</i> er prioritert på kostnad av <i>e</i> i 2008.
b) Kopla opp 5 prioriterte ordsamlingar.	Gjennomført.
c) Hekta på ny versjon av g-manus til 1. mars.	Gjennomført før sommarferien.
d) Hekta på Torp på MO før 1. november. Bruka ressursar til manuell oppkopling av 4000 "restord" før 1. oktober.	Gjennomført (men på lenger sikt er det behov for å arbeida med etterakster i form av å få på plass teikn frå gresk og sanskrit).
e) Kopla opp sju prioriterte nordnorske ordsamlingar til 1. juni.	Status: 11 nordnorske ordsamlingar er kopla opp.
f) Kopla opp 31 tagga ordsamlingar. Gjennomgå taggesystemet og rydda opp. Til	Status: to samlingar er hekta på. EDD har fått beskjed om å prioritera eldre ordsamlingar.

1. oktober.	
g) Betra tilgjenget til eldre ordsamlingar. Kopla til MO. I perioden 1. oktober til 31. desember.	Status: under arbeid
g) Kopla digital versjon av NLO til ordbokshotellet. (Reserveoppgåve)	Status: Utsett til 2009 på grunn av rettssituasjonen (ventar på svar frå rettshavarane).

### 13. Digitale målførekart

<b>Mål 2008</b>	
a) Å utvikla ei nettpubliseringsløyising for dei digitale målførekarta om me får eksterne midlar. Karta bør lastast inn i det nyutvikla formatet til 1. september.	Status: ILN har løyvd 35 000 + 70 000 kr. til å lasta målførekarta inn i ein eigen database. To assistentar er i gang med arbeidet. Alle 600 karta er georefererte. Det er lagt på isoglossar t.o.m. kart nr. 96, og det er lagt inn merknader t.o.m. kart nr. 91.

### 14. Nytt tilfang

<b>Mål 2008</b>	
a) Me tek sikte på å registrera 15 000 nye setlar i 2008.	Status: om lag 14.000 setlar lagde inn.
b) Kosta to månader med transkribering av lydband frå målførearkivet.	Status: Under arbeid ved Tekstlaboratoriet. 64 filer er prosesserte.
c) Vera med på å leggja til rette for vidare digitalisering av Skogen-materialet ved pensjonist. Heile året.	Status: Dagfrid Skogen blir ferdig med innlegginga i løpet av våren 2009.
d) Vera med på å leggja til rette for digitalisering av Haugen-samlinga ved pensjonist. Heile året.	Status: Er i gang ved Hallvard Dørum.

## E. Formidling, informasjon og kompetanseheving

### 15. Formidling og informasjon

<b>Mål 2008</b>	
a) Me vil lansera band 7 på eit arrangement i juni.	Status: Er gjennomført på dei nynorske festspela i Aasen-tunet 26.06.08.
b) I samband med arrangementet vil me arbeida for å få best mogleg pressedekning.	Status: Gjennomført. Pressemelding til både riksdekkjande og lokale medium. Mange oppslag i lokalaviser. Ny brosjyre frå Samlaget.
c) Laga ny nettstad for Norsk Ordbok 2014 til lanseringa av band 7 i juni.	Status: På eit møte i februar estimerte firmaet Halogen kostnadene til 518 t. à kr. 1 250. Første møte i ”ny nettstad”-gruppa etter sommaren blei halde 8.10. Gjennomført møte med den sentrale web-redaksjonen for UiO, og med hovudprosjektleiaren for ny UiO-web. Administrasjonen har blitt kursa i skrivning for web. Økonomiske og juridiske problemstillingar må løysast før arbeidet kan

	takast vidare (jf pkt. 7a).
d) Delta med innlegg på Fagleg-pedagogisk dag i januar.	Status: Gjennomført. Innlegg ved OG.
e) Delta på Open dag for elevar frå vidaregåande skole 6. mars.	Status: Gjennomført. Deltok med eigen stand.
f) Ha ny bu på Forskingstorget september 2008.	Status: Gjennomført. Stor publikumsinteresse og god pressedekning.
g) Generelt bør me seia ja til å vera representerte i fora som me trur kan gagna prosjektet og som ikkje går på tvers av framdrifta. Døme er Nynorsk Forskarnettverk, Dei nynorske festspela, Fagleg pedagogisk dag, Granavoll-seminar, Nynorsk forum, forskargruppe for leksikografi ved ILN og matkulturprosjektet ved NTNU.	Status: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Karrieredag for masterstudentar på Dragvoll 6.3.. NO og matkulturprosjektet representert v/EJE</li> <li>- Forskargruppa for leksikografi, foredrag ved III (7.2.) og BTT (11.9).</li> <li>- Granavoll-seminar for nye masterstudentar 27.3. NO representert v/OG</li> <li>- 9. møte i DKNVS 19.5.: TEJ orienterte under tittelen: “Norsk Ordbok – Noregs største vitskaplege ordboksverk”.</li> <li>- Nynorsk forum i Løvebakken mållag 21.5. LSV melde om band 7 og stadfeste løyvingsbehovet for 2009.</li> <li>- Kurs/omvisning for sommarskolestudentar (OG)</li> <li>- Deltaking på Språkbua til Bærum mållag ved Sandvika byfest 30.8. (ved DR).</li> <li>- Open høyring om språkmeldingane, Ivar Aasen-tunet 26.9. (LSV, ÅW (innlegg)).</li> <li>- Forelesing for journaliststudentar frå Nynorsk mediesenter 3.10. (OG)</li> <li>- NO 2014 vertskap for møte i Nynorsk forum 16.10.</li> <li>- Open høyring i Kultur- og kyrkjekomiteen 13.11.08 (Innlegg v/ÅW, ÅSR).</li> <li>- CLARIN-møte i Bergen 15.–16.12. (OG, ÅW med felles innlegg)</li> </ul>
k) Førebu arbeidet med eit DKNVS-seminar i Trondheim i 2009.	Status: Seminaret blir 9.–10. oktober 2009, og arbeidet med programmet er godt i gang. Invitasjonar blir sende ut tidleg i 2009.

## 16. Kompetanseheving

<b>Mål 2008</b>	
a) Fem (eller seks) assistentar skal bli ferdige med opplæring i 2008, tre før sommaren, og	Status: Gjennomført.

to (eller tre) før jul.	
b) Me bør vera representerte med føredrag på internasjonale konferansar i 2008. Elles bør alle få høve til å delta på minst éin fagkonferanse i 2008.	<p>Status:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Symposium om ordboksbruk i Norden 11.–13.01. på Schæffergaarden (DR, KEK, DW. Foredrag av DR, KEK prenta i LexicoNordica)</li> <li>- ALE 7.–10.05. i Durres, Albania (BTT, GAa, TS)</li> <li>- Normeringkonferanse 9.–10.06., Saltsjöbaden (KEK, LSV (innlegg), OG (kommentator), ÅW)</li> <li>- Konferanse i kognitiv lingvistikk 4.–8.08., Brighton (KAS, ÅR, AA, HG)</li> <li>- Dialektkonferanse 4.–8.08., Leeds (EJE)</li> <li>- Nordisk språkmøte (LSV, OG) 4.–6.09</li> <li>- Konferanse om minoritetsspråk, Leeuwarden, 24.–27.09 (OA)</li> <li>- Symposium for Christian Sjögren, Göteborg, 12.12. (innlegg, OG)</li> </ul> <p>Deltaking av NO2014-redaktørar i andre forum:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Edisjonsfilologisk seminar 21.–23.04. i København (GW)</li> <li>- Baltistkonferanse 19.–21.06. i St.Petersburg (SBO)</li> <li>- Konferanse om døvblinde, Leeds (foredrag, KAS)</li> <li>- Seminar om latvisk historisk ordbok, Riga 19.12 (innlegg, SBO)</li> <li>- CROBOL-seminar i Maputo 22.11. (innlegg, OG)</li> </ul>
c) Me vil arrangera sommar- og juleseminar i juni og desember der me vil trekkja inn eksterne førelesarar.	<p>Status:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- sommarseminar 4.–5.06. Fire eksterne innleiarar (Jan Svennevig, Janne B. Johannesen, Kristin Hagen, Jonas Bakken) + seks interne (KEK, HG, GAa, SBO, LSV, OG). 3 gjester frå NAOB deltok.</li> <li>- Juleseminar 10.–11.12. (Eksterne innleiarar Anders M. Andersen, Ruth Vatvedt Fjeld, Hanne Lauvstad, Arne Torp)</li> </ul>
d) Om det blir arrangert eit nytt Lexicom-kurs, bør me vera representerte på dette kurset.	Status: Ein redaktør deltok på kurset 10.–15.07. i Barcelona (IL)
e) Dei som har behov for det, bør gå på	Status: ikkje gjennomført.

powerpoint-kurs i 2008.	
f) Me bør senda nokre tilsette på kurs i Excel.	Status: gjennomført v/OG
g) Me bør arbeida for å få nokon til å laga eit eller fleire individuelle forskingsprosjekt med tilknytning til den digitale basen vår.	Status: eitt prosjekt har vore til vurdering av ILN-nemnd.
h) Ny direktør bør få leiaropplæring hausten 2008.	Status: påmeld økonomikurs og kurs i skriving for web. Skal meldast på prosjektleiing trinn 1 og 2.

## Vedlegg 2. Publisering og omtale

### Faglege publikasjonar

**Almenningen, Olaf.**

*Nynorsk språknøkkel*. (Ny utg.). Dag og Tid (2008). 8 s.

**Ellingsve, Eli.**

Ord i nord. *Nordnorsk Magasin* (2008) (1-4) sidene 21, 11, 19, 29.

**Ims, Ingunn Indrebø.**

Kven styrer avisspråket? *Kringom* (2008) (2) s. 4–6.

**Ims, Ingunn Indrebø.**

Når dine ord blir andres ord. *Språknytt* (2008) (3) s. 18–22.

**Ims, Ingunn Indrebø.**

Ordnnett.no. *LexicoNordica* (2008) (15) s. 235–237.

**Ims, Ingunn Indrebø.**

Talemål i Norge. I: *Spenn - Norsk for studieforbereidende utdanningsprogram VG3*. J.W. Cappelen Forlag AS (2008) s. 261–278.

**Jenstad, Tor Erik.**

Blå-Per og Gullmunds-Kersti. Litt om eponym i trøndermål. *Bygdabladet for Støren, Rognes og Snøan* (2008) s. 67–69.

**Jenstad, Tor Erik.**

Frå ryphø til Shit Creek. Ord forkledd som stadnamn. *Leikvin*. (2008) s. 8–10.

**Jenstad, Tor Erik.**

Hausyt-Brit og vel-Pe. Litt om eponym i nordmørsmål og anna mål. *Du mitt Nordmøre* (2008) s. 119–126.

**Jenstad, Tor Erik.**

Vegnamn i Tingvoll. I: *Hendt og hender i Tingvoll* (2008) s. 80–84.

**Jenstad, Tor Erik.**

*Vaddesålekt, din jehuk*. Embla Forlag (2008). 130 s.

**Karlsen, Knut E.; Rødningen, Dagfinn.**

Ordboksbruk i skolen – praksis og perspektiv. Utnytting av einspråklege ordbøker i norskfaget i den vidaregåande skolen. *LexicoNordica* (2008) (15) s. 93–114.

**Karlsen, Knut E.; Rødningen, Dagfinn.**

Leksikografi i pedagogisk perspektiv – ein presentasjon av Norsk Ordbok for skoleelevar og studentar. *Nordiske studier i leksikografi 9. Rapport fra Konferanse om leksikografi i Norden, Akureyri 22.–26. maj 2007* (2008) s. 385–395.

**Rødningen, Dagfinn; Karlsen, Knut E.; sjå Karlsen, Knut E.; Rødningen, Dagfinn.**

**Sakshaug, Laila; Tonne, Ingebjørg.**

Grammatikk og skriveutvikling – didaktiske eksempler. I: *Språkdidaktikk for norsklærere - mangfold i språk og tekster*. Universitetsforlaget (2008) s. 129–144.

**Vikør, Lars Sigurdsson.**

Henrik Wergeland om språket. *Språknytt* (2008) (1) s. 1–6.

**Vikør, Lars Sigurdsson.**

Norwegian (Norwegisch). I: *Wieser Enzyklopädie: Sprachen des europäischen Westens / Wieser Encyclopaedia: Western European Languages II*. Klagenfurt: Wieser Verlag (2008) s. 293–305.

**Vikør, Lars Sigurdsson.**

Ny norsk språkpolitikk? *Budstikken* (2008) (4) s. 2–7.

**Vikør, Lars Sigurdsson.**

Venneskrift til Tom Schmidt. *Nytt om namn* (2008) (47) s. 40–43.

**Vikør, Lars Sigurdsson; Egebakken, Inger.**

Språkpolitikk fra 1830 til i dag. I: *Nettopp norsk. Påbygging til generell studiekompetanse*. Aschehoug & Co (2008) s. 305–324.

**Vikør, Lars Sigurdsson; Fjeld, Ruth E Vatvedt.**

*Ord og ordbøker*. Høyskoleforlaget (2008). 265 s.

**Wetås, Åse.**

*Kasusbortfallet i mellomnorsk*. Ein komparativ studie av proprialt og appellativisk materiale. Unipub forlag (2008). 410 s. Acta Humaniora (360).

**Wetås, Åse.**

Namnelaging og namneval – ei problematisering av namngjeving illustrert med nokre øynamn frå kommunane Finnøy og Bokn i Rogaland. I: *Namn frå by og bø – veneskrift til Tom Schmidt på 60-årsdagen 26. juni 2008* s. 83–91.

**Worren, Dagfinn.**

Dei første nasjonale ordbøkene for norsk og svensk. Göteborg: *Meijerbergs arkiv for svensk ordforskning* (2008). 9 s.

**Worren, Dagfinn.**

*Ivar Aasen-almanakken 2009*. Dag og Tid (2008). 160 s.

**Aa, Leiv Inge.**

Det du ikkje visste om *l* og *m*. *Språknytt* (2008) (3) s. 15.



## **Føredrag**

### **Berg-Olsen, Sturla.**

Bruk og misbruk? Eit kritisk blikk på bruksmarkering i Norsk Ordbok. *Sommarseminaret til Norsk Ordbok 2014*. 2008-06-05.

### **Berg-Olsen, Sturla.**

Latgalisk – eit nynorsk i Latvia? *Juleseminaret til Norsk Ordbok 2014*. 2008-12-10.

### **Berg-Olsen, Sturla.**

Norsk Ordbok – prosjektet, metoder og løysingar. *Latvijas un kaimiņvalstu pieredze vēsturisko vārdnīcu izstrādē*. Riga. 2008-12-19.

### **Berg-Olsen, Sturla.**

On the productivity of dative constructions in modern Latvian. *Dni baltov i belye noči. Kruglyj stol «Baltijskaja filologija»: desjat' let spustja*. 2008-06-19.

### **Grønvik, Oddrun.**

A Norwegian Comment on Language policies and language rights. Commentary to Plenartalar Sally Johnson: Orthography, Publics and Legitimation Crisis: The 1996 Reform of German. *International conference on language planning and language policy*. Saltsjöbaden. 2008-06-09 - 2008 -06-10.

### **Grønvik, Oddrun.**

Dealing with imported concepts and word forms - general methodology. *CROBOL Seminário de Investigação Linguística*. Maputo. 2008-11-17 - 2008-11-18.

### **Grønvik, Oddrun.**

Dokumentasjon av språk i Zimbabwe, ALLEX-prosjektet 1991-2006. Føredrag for studentar på semesteremne i leksikografi. 2008-11-25.

### **Grønvik, Oddrun.**

Kva skjer med nynorskrettskrivinga? *Fagleg-pedagogisk dag*. 2008-03-01.

### **Grønvik, Oddrun.**

Underoppslaget I NO band 1-7. Eit register for norsk fraseologi. *Sommarseminaret til NO 2014*. 2008-06-05.

### **Grønvik, Oddrun.**

Utfordringar for fagråda i den nye organiseringa av Språkrådet. *Fagrådsseminar i Språkrådet*. 2008-03-06.

### **Grønvik, Oddrun; Chimhundu, Herbert.**

Documenting languages - dictionary writing in an African context. How can the experiences of the ALLEX project be brought to bear on other languages? *Afroling Seminar*. 2008-06-11.

### **Ims, Ingunn Indrebø.**

Del 1: Kva faktorar kan vera avgjerande for om avisene vel å bruke nynorsk i spaltene sine?  
Del 2: Kva kan gjerast for å betre vilkåra for nynorsk i avisredaksjonane? Kva seier

Språkmeldinga om ulike medietiltak for nynorsk? Haustseminar for Mållaga på Agder. 2008-11-07 - 2008-11-08.

**Ims, Ingunn Indrebø.**

Kan korpustekstene fortelle noe om et forlags normeringsfilter? En kort presentasjon av noen endringer funnet i korpsets dublettekster. Forskargruppe i leksikografi. 2008-02-07.

**Ims, Ingunn Indrebø.**

Kven styrer avisspråket? Kringkastingsringens årsmøte. 2008-03-11.

**Ims, Ingunn Indrebø.**

Presentasjon av hovedfagsavhandling om skriftspråksnormering. Språkrådets fagmøte. 2008-03-12.

**Jenstad, Tor Erik**

Bokbad i Lauvtun, Betna. Lokal bygdakveld. 2008-02-20.

**Jenstad, Tor Erik**

Bokbad Sunndal Folkebibliotek. Under Sunndal Kulturfestival. 2008-02-20.

**Jenstad, Tor Erik.**

Dialektord for lys og energi. Pensjonistmøte. 2008-10-30.

**Jenstad, Tor Erik.**

Dialektordforråd om kyrkje og religion. Møte. 2008-09-17.

**Jenstad, Tor Erik.**

Drag ved innheradsmålet. Målkveld. 2008-06-16.

**Jenstad, Tor Erik.**

Humor og dialekt. Melamartnan. 2008-10-03.

**Jenstad, Tor Erik.**

Kåseri om dialektord. Medlemsmøte. 2008-10-06.

**Jenstad, Tor Erik.**

Litt om namdalsmål. Dialektkveld. 2008-05-15.

**Jenstad, Tor Erik.**

Malvik- og anna trønderdialekt. Dialektkveld. 2008-03-01

**Jenstad, Tor Erik.**

Måråkmål i samanheng. Dialektkveld. 2008-11-05.

**Jenstad, Tor Erik.**

Norsk Ordbok. Noregs største vitskaplege ordboksverk. Medlemsmøte i DKNVS 2008-05-19.

**Jenstad, Tor Erik.**

Språksprøyt. Lørdagscafe. 2008-10-18.

**Jenstad, Tor Erik.**

Om selbumål og anna mål. Dialektkveld. 2008-06-14.

**Jenstad, Tor Erik.**

Ord for slekt og familie. Medlemsmøte. 2008-03-06

**Jenstad, Tor Erik.**

Ord og uttrykk frå skogen. Skogkveld (medlemsmøte). 2008-11-26.

**Jenstad, Tor Erik.**

Presentasjon av boka *Ka sa du*. Levangermartnan. 2008-02-28

**Jenstad, Tor Erik.**

Tore fortentkt og Ol Pålsa. Møte. 2008-03-12.

**Jenstad, Tor Erik.**

Trønderord. Dialektkveld. 2008-03-27.

**Jenstad, Tor Erik.**

Å ga oppå fjelle og å ga oppå fjella. Dativ og anna språkleg snadder i Rindala og arstan. Sildeballfestival. 2008-04-26.

**Jenstad, Tor Erik.**

Ålbyggsmål og anna trøndermål. Medlemsmøte. 2008-11-04.

**Karlsen, Knut E.**

Hallfrid Christiansen nordnorsk språkforskar mellom to tradisjonar. *Sommarseminaret til Norsk Ordbok 2014*. 2008-06-05.

**Karlsen, Knut E.; Rødningen, Dagfinn;**

Norsk Ordbok – presentasjon for studentar i leksikografi. Seminarrekke i leksikografi. 2008-05-14.

**Karlsen, Knut E.; Rødningen, Dagfinn.**

Ordboksbruk i skolen – praksis og perspektiv. Utnytting av einspråklege ordbøker i morsmålsfaget i den vidaregående skolen. På konferansen *Ordboksbruk i Norden*. 2008-01-11 - 2008-01-13.

**Runde, Ålov Synnøve; Kristoffersen, Kristian Emil; Lind, Marianne.**

Han skal til byen vs Han skal dra til byen – ein kognitivgrammatisk analyse. *Kognitivt sommarseminar 2008*. 2008-06-16 - 2008-06-17.

**Rødningen, Dagfinn; Karlsen, Knut E.; sjå Karlsen, Knut E; Rødningen, Dagfinn.**

**Selvik, Kari-Anne.**

Language; a part of human cognition. *Co-creating communication with persons with congenital deafblindness*. Leeds. 2008-10-08 - 2008-10-11.

**Selvik, Kari-Anne.**

Tidsuttrykk i norsk teiknspråk. Forelesing for studentar på tolkeutdanning. 2008-03-28.

**Tobiassen, Benedikte Tranvåg.**

Måling av mål – dialektometri brukt på norske dialektar. Forskargruppe for leksikografi. 2008-09-11.

**Vikør, Lars Sigurdsson.**

Standardtalemål eller talemålsstandard? Føredrag på konferanse med tittelen *Standard eller ikke standard. Har vi et standardtalemål i Norge?* Røros. 2008-02-08 - 2008-02-10.

**Vikør, Lars Sigurdsson.**

Rettskrivingsordlister som normeringsreiskapar i Norden. Føredrag på konferansen *Forskning om språkvård och språkpolitikk*. Saltsjöbaden. 2008-06-09 - 2008-06-10.

**Wetås, Åse.**

Sub-kategorisering av klassen proprium i norsk. Prøveforelesing til graden dr.art. 2008-08-28.

**Aamodt, Gunhild.**

Etymologi i Norsk Ordbok, band 7. *Sommarseminaret til Norsk Ordbok 2014*. 2008-06-05.

**Radio/TV/Nett**

**Grønvik, Oddrun**

Om verbet "google". *Kulturnytt*. [Radio]. 2008-09-16.

**Grønvik, Oddrun; Ims, Ingunn Indrebø.**

Lansering av Norsk Ordbok band 7. Intervju. *Reiseradioen* [Radio]. 2008-06-26.

**Ims, Ingunn Indrebø.**

Talemålsopptak. CappelenDamm, nettsidene til lærerverket *Spenn* [Nett]. 2008.

**Ims, Ingunn Indrebø; Grønvik, Oddrun; sjå Grønvik, Oddrun; Ims, Ingunn Indrebø.**

**Jenstad, Tor Erik.**

Dativbruk. *Språkteigen* [Radio]. 2008-05-05.

**Jenstad, Tor Erik.**

Dyre- og fuglenemningar som skjellsord. *Osenbanden* [Radio]. 2008-03-07

**Jenstad, Tor Erik.**

Eponym. *Språkteigen* [Radio]. 2008-03-31.

**Jenstad, Tor Erik.**

Klimaendringar, ekstremver og ordforråd. *Språkteigen* [Radio]. 2008-09-28.

**Jenstad, Tor Erik.**

Om boka "Vaddesålekt, din jehuk". NRK Trøndelag [Radio]. 2008-11-06.

**Jenstad, Tor Erik.**

Om ordet heimedommar hos Hans Ross. *Språkteigen* [Radio]. 2008-06-16.

**Jenstad, Tor Erik.**

Raumaværing og andre innbyggjarnemningar i Møre og Romsdal. NRK Møre og Romsdal. [Radio]. 2008-10-12.

**Jenstad, Tor Erik.**

Tilnærming bokmål - nynorsk. *Språkteigen* [Radio]. 2008-01-07.

**Jenstad, Tor Erik.**

Ufsdrope og eavesdropping. *Språkteigen* [Radio]. 2008-11-23.

**Jenstad, Tor Erik.**

Uttalemarkeringar i ordbøker. *Språkteigen* [Radio]. 2008-02-18.

**Tandberg, Andreas.**

Om Norsk Ordbok og Forskingstorget. *Skumma kultur* [Radio]. 2008-09-18.

**Wetås, Åse.**

Kasusbortfallet i mellomnorsk. *Språkteigen* [Radio]. 2008-08-17.

**Wetås, Åse; Worren Dagfinn.**

Om prosjektet Norsk Ordbok 2014 med vekt på materialgrunnlag og arbeidsmåtar. NRK P2 [Radio]. 2008-10-10.

**Worren, Dagfinn.**

Intervju om ordtak med utgangspunkt i ordtaka i Ivar Aasen-almanakken 2008. NRK Møre og Romsdal [Radio]. 2008-06-26.

**Worren, Dagfinn; Wetås, Åse; sjå Wetås, Åse; Worren Dagfinn.**

**Aa, Leiv Inge.**

Om Norsk Ordbok, Forskingstorget og avløyсарord – før torget. *Østlandssendingen* [Radio]. 2008-09-18.

**Aa, Leiv Inge.**

Om Norsk ordbok, Forskingstorget og avløyсарord – etter torget. *Østlandssendingen* [Radio]. 2008-09-22.

**Anna formidling**

**Grønvik, Oddrun.**

Presenterte Norsk Ordbok og samlingane for studentar ved International Summer School (ISS) som gjekk på nynorskkurset til Stephen Walton. 2008-07-01.

**Grønvik, Oddrun.**

Presenterte NO 2014 og samlingane for ei stipendiatgruppe frå Nynorsk mediesenter. 2008-03-10.

**Tandberg, Andreas; Vikør, Lars S.; Bjørvand, Harald; Theil, Rolf mfl.**

Kvar kjem orda våre frå? [Presentasjon av Norsk Ordbok frå stand]. Forskingstorget. 2008-09-19 - 2008-09-20.

**Tandberg, Andreas mfl.**

Test ordforrådet ditt! [Presentasjon av Norsk Ordbok frå stand]. *Open dag*. 2008-03-06.

## Vedlegg 3. Presseoppslag og annan fagleg aktivitet

### Avisartiklar

**Almenningen, Olaf.**

Melding av ordsamlinga *Tysnesmålet* ved Johannes Heggland. *Norsk Tidend* [Avis]. 2008 (3).

**Ims, Ingunn Indrebø.**

Snevert avisspråk med interne regler. *Journalisten* [Fagblad]. 2008-10-17.

**Jenstad, Tor Erik.**

Trønderdialekten dør ut. *Trønder-Avisa* [Avis]. 2008-10-10.

**Jenstad, Tor Erik; Akselberg, Gunnstein.**

Alt anna enn avbakle. *Nationen* [Avis]. 2008-11-26.

**Runde, Ålov S.; Svardal, Terje; Wetås, Åse.**

Ord i skuff blir ord i bok. *Nationen* [Avis]. 2008-12-20.

**Wetås, Åse.**

Doktoren svarer. *Morgenbladet* [Avis]. 2008-10-30.

**Wetås, Åse; Runde, Ålov S.; Svardal, Terje; sjå Runde, Ålov S.; Svardal, Terje; Wetås, Åse.**

**Worren, Dagfinn.**

De ukjente ordene. (Om band 7 av Norsk Ordbok). *Klassekampen* [Avis]. 2008-06-24.

**Worren, Dagfinn.**

I vinfat under Voldsfjorden. *Vestlandsnytt* [Avis]. 2008-02-22 (15).

**Worren, Dagfinn**

Lokale ordbok-arbeidarar. *Synste Nordmøre* [Avis]. 2008-06-26.

**Worren, Dagfinn.**

Opneår og vår. *Vestlandsnytt*. [Avis]. 2008-03-18 (22).

**Worren, Dagfinn.**

Veit du kva mugetuft og lakeballe tyder? *Sunnmørsposten* [Avis]. 2008-06-27.

**Aa, Leiv Inge.**

Ordsifte om infinitivsmerket ”å” mellom Leiv Inge Aa og Johannes B. Thue i ”Nett no”. *Sogn avis*. [Avis]. 2008-11-27 - 2008-12-11.

### **Om sjølve prosjektet og lanseringa:**

Hollamålet inn i den Norske Ordbokdatabase” *Kanalen* [Avis]. 2008-03-12.

Ordbøker og andre språkverktøy på morsmåla: Gir styrke, sjølvrespekt og lærelyst. *Apollon* [Forskingsmagasin]. 2008 (3).

Norges største ordbok – Norsk språk er ikke fattig. *Adressa* [Avis]. 2008-05-19.

Lanserer band sju av Norsk Ordbok under festspela i dag. *Møre-Nytt* [Avis]. 2008-06-26.

Norsk Ordbok til *mugetuft*. *Nytt om namn* [Meldingsblad for Norsk namnelag]. 2008 (3).

Nynorske ord eg ikkje visste om. *Møre – Avis for Søre Sunnmøre* [Avis]. 2008-06-26.

Sandanger si ordsamling er komen i Norsk Ordbok 2014. I bilag til *Vestlandsnytt* [Avis]. 2008-12-23.

'Å ta på ljåmusa'. *Morgenbladet* [Avis]. 2008-06-27.

Band sju av Norsk Ordbok lansert: Eit kulturminne laga på rekordtid. *Møre – Avis for Søre Sunnmøre* [Avis]. 2008-06-28.

'Løetoke' og 'lårkalv'. *Suldalsposten*. [Avis]. 2008-09-08.

### **Om Forskingstorget:**

Kvar kjem orda våre frå? I bilag til *Dagbladet* og *Dagens Næringsliv*. [Avis]. 2008-09-17.

### **Ordboksdebatten:**

Villedende om ordbøker. *Aftenposten*. 2008-01-09. (John Ole Askeland).

Omvendt språkstrid. *Aftenposten*. 2008-02-22. (Per Anders Madsen).

Ordbøker i kamp. *Aftenposten*. 2008-02-24. (Mala Wang-Naveen).

Mange slags maktspråk. *Aftenposten*. 2008-02-27. (Bodil Aurstad og Helene Uri).

Ikkje noko konfliktforhold. *Aftenposten*. 2008-02-28. (Kristin Bakken).

Får aldri for mange ordbøker. *Aftenposten*. 2008-02-29. (Ottar Grepstad).

Vil trampa på såre nynorsktær. *Dag og Tid*. 2008-02-29. (Ottar Fyllingsnes).

Hurra for Giske! *Aftenposten*. 2008-03-02. (Bodil Aurstad og Helene Uri).

Følg opp, Giske. *Aftenposten*. 2008-03-03. (Ukjend forf.).

Enda flere ordbøker. *Dagbladet*. 2008-03-08. (Ingebjørg Tonne og Helene Uri).

Globale og språkløse. *Trønder-Avisa*. 2008-03-29. (Guri Hjulstad).



## **Annan fagleg aktivitet**

### **Almenningen, Olaf.**

Styremedlem i Riksfondet for nynorsk presse.

### **Grønvik, Oddrun.**

Medlem i Fagrådet for språkobservasjon og normering (fagråd 3) under Språkrådet. To møte i haust, pluss Språkdagen. Nyoppnemnd for to år til (2009–2010).

### **Grønvik, Oddrun.**

Oppnemnd medlem av eit utval under Helsedirektoratet som skal vurdere utvida nyfødtscreening, og har i samband med dette laga ei termliste med definisjonar med 445 termar som ikkje var nemnde i Øyri, eller som ikkje var tekne med i den tydinga som denne ekspertgruppa brukte.

### **Harildstad, Gudmund.**

Medlem i redaksjonen for *Nytt om namn*. (Meldingsblad for Norsk namnelag).

### **Hellum, Hege.**

Jurymedlem, Språklig samlings litteraturpris.

### **Jenstad, Tor Erik.**

Har leidd *Dialektmagasinet* på NRK Trøndelag kvar onsdag.

### **Jenstad, Tor Erik.**

Språkvask på Rapport og planer 2007-2008. (Blåboka) ved NTNU, to kapittel på nynorsk.

### **Jenstad, Tor Erik.**

Språkvask for Samlaget på Arild Hoksnes: *Artig og artig*. Romsdalshistorier i godt lag. (2008).

### **Jenstad, Tor Erik.**

"Språkvakt" i programmet *Språkteigen* femtekvar veke.

### **Jenstad, Tor Erik.**

Sensur norsklinja Høgskulen i Volda, vår- og haustsemesteret.

### **Karlsen, Knut E.**

Styremedlem Norsk Ordbok 2014.

### **Nordbø, Børge.**

Har laga elektronisk manus til, og førd inn rettingar i 5. utgåve av Norrøn Ordbok.

### **Vikør, Lars Sigurdsson.**

Redigerer *Maal og Minne*.

### **Wetås, Åse.**

Styremedlem i Norsk namnelag.

**Worren, Dagfinn.**

Styremedlem (kasserar) i Nordisk foreining for leksikografi (NFL).

**Gjester hos NO2014 i 2008:**

Thore Roksvold, Avdeling for journalistikk, bibliotek- og informasjonsfag, Høgskolen i Oslo.

Dag Ellingsen, Det Norske Samlaget.

Hallvard Dørum, pensjonist og informant.

Nynorsk forum.